

## GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning

### Årsmelding 2014



To nykreerte doktorar. Doktorgradsarbeid er ein viktig del av forskingsaktiviteten ved GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning. I 2014 disputerte Hans Petter Solli og Lars Tuastad.

---

Ansvarleg: Brynjulf Stige  
Ansvarleg for layout og for Vedlegg 2, 3 og 5: Rune Rolvsjord  
Ansvarleg for lister og for Vedlegg 1 og 4: Liv Gunnhild Qvale

# Innhold

DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT .....	2
Bakgrunn, mål og strategi .....	2
Nytt og godt – heilt kort .....	2
Personalialia .....	4
Organisasjon .....	4
DEL 2: ORGANISASJON OG RAMMER.....	4
Økonomi .....	6
Andre samarbeidsrelasjonar .....	6
DEL 3: FAGLEG AKTIVITET .....	8
Forskningsprosjekt i regi av GAMUT .....	8
Tidsskriftsdrift.....	11
Utfordringar og mogelegheiter .....	13
DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING.....	13
DEL 5: VEDLEGG.....	15
Vedlegg 1 – Rekneskap GAMUT 2014.....	15
Vedlegg 2 – Personale i 2014.....	16
Vedlegg 3 – Nokre utvalde nyhende 2014, frå vevsida <a href="http://www.gamut.no">www.gamut.no</a> .....	17
Vedlegg 4 – Publikasjonar og faglege presentasjonar 2014.....	18
Vedlegg 5 – Medieoppslag om GAMUT.....	23

## DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT

### Bakgrunn, mål og strategi

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning vart etablert hausten 2006, samstundes som musikkterapi vart etablert som universitetsfag. UiB og Uni Research samarbeider om å utvikle GAMUT. Gjeldande mål og strategi vart formulerte i januar 2008.

#### Mål

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

#### Arbeidsområde

GAMUT forskar på forholdet mellom musikk og helse, i kliniske og kvardagslege samanhengar. Forskingsresultat vert publiserte i fagfelleverderte internasjonale tidsskrift og i monografar/ bøker. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette omfattar kronikkar og andre former for popularisert formidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og miljø og dessutan populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag. GAMUT er vidare ein sentral aktør innan publisering av internasjonale musikkterapitidsskrift, som utgjevar av det verdsomspennande tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* (nivå 1, Open Access) og det internasjonale tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy* (nivå 2, drive i samarbeid med Routledge).

#### Strategi

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Inkludering av masterstudentar og doktorgradskandidatar i senteret sin forskingsaktivitet
- Tett samarbeid mellom musikkterapiforskarane ved UiB og Uni Research
- Tverrfagleg samarbeid med andre aktuelle forskingsmiljø i regionen
- Samarbeid med aktuelle kommunar, fylkeskommunar og helseføretak
- Samarbeid i nasjonale og internasjonale forskingsnettverk.

### Nytt og godt – heilt kort

#### Nytt om organisasjon og rammer

2014 gav rom for utvikling av organisasjon og rammevilkår, der økonomi og finansiering viser positiv utvikling (sjå Del 2 og Vedlegg 1 og 2).

Av nyttilsetjingar i GAMUT i 2014, var ein i fast 100 % stilling, nemleg førsteamanuensis Claire Ghetti, Griegakademiet. To forskarar var engasjerte for ein fireårsperiode i toarstillingar ved Griegakademiet, nemleg professor Christian Gold (10 % stilling) og førsteamanuensis Viggo Krüger (20 % stilling). Fire nye forskarar vart knytt til Uni Research Helse i mellombelse engasjement i deltidstillingar: Monika Geretsegger (50 % engasjement), Tone Sæther Kvamme (timebasis), Marko Nouwens (timebasis) og Hans Petter Solli (20 % engasjement). Ein ny doktorgradskandidat (Kaja Elise Enge, finansiert av Høgskulen i Volda) vart knytt til miljøet i august, i eit treårig fulltidsløp.

Nytt av året var at ein av Griegakademiet sine førsteamanuensar i musikkterapi vart tilsett i bistilling ved eit helseføretak (Wolfgang Schmid tilsett i 20 % stilling ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus). Dette kan vere *ein* modell for korleis byggje tette samarbeidsrelasjonar mellom helsevesen, utdanning og forskingsmiljø. For informasjon om personalia elles, sjå Del 2 og Vedlegg 2.

Viktigaste endring i organisasjon var at samarbeidsavtalen mellom UiB og Uni Research vart gjort gjeldande. Som omtalt i årsmeldinga for 2013, vart ein samarbeidsavtale mellom UiB og Uni Research om GAMUT ferdig utarbeidd på seinhausten 2012 og sendt til leiinga for dei to organisasjonane for signering. Avtalen vart signert i mars 2014. Ei styringsgruppe for GAMUT vart så etablert hausten 2014, med Oddrun Samdal (viserektor ved UiB) som leiar og Aina M. Berg (adm. direktør Uni Research) som nestleiar (sjå Del 2).

Senteret sine eksterne inntekter auka i 2013 samanlikna med tidlegare år, og denne tendensen heldt fram i 2014 (sjå Del 2 og Vedlegg 1). Ein viktig milepæl i høve til sikring av økonomiske rammevilkår var at Uni Research Helse i 2014 vart innlemma i Norges forskingsråds ordning med basisløyving til forskingsinstitutt. Dette vil gje avdelinga eit nytt grunnlag for strategiske satsingar og vil også kome GAMUT til gode i år framover. Ei økonomisk utfordring som gjenstår for GAMUT er å sikre rimelege ressursar til leiing og fellesadministrasjon (sjå Del 4).

Faglege nettverk er med å byggje rammer for aktiviteten. Sidan 2008 har GAMUT vore ein del av International Consortium of Eight Music Therapy Research Universities. I 2014 var GAMUT for første gong ansvarleg for den årlege faglege samlinga i

konsortiet. Denne vart arrangert i Wien 13. – 15. juli, rett etter verdskonferansen i musikkterapi, sjå Del 2.

### Nytt om den faglege aktiviteten

2014 vart eit nytt hendingsrikt år for GAMUT, med god aktivitet innan forskning, publisering og formidling, inklusivt arbeidet med senteret sine to internasjonale forskningstidsskrift (sjå Del 3 og Vedlegg 3, 4 og 5).

Senteret fekk i 2014 tilslag på tre prosjektsøknader (større eksternt finansierte prosjekt, i tillegg kjem diverse mindre løyvingar over Griegakademiet og Universitetsfondet, m.m.):

- «POLYFON: Vestnorsk nettverk for musikkterapiforskning og praksisutvikling» (2015-2019): Nettverket skal byggje infrastruktur og strategi for systematisk samarbeid mellom praksisfelt, utdanning og samarbeid, med mål om å etablere Byggle Bergen/Vestlandet som ein nasjonal og internasjonal "referanseregion" i musikkterapi, med eit helsevesen som tar musikkterapi i bruk på ein systematisk og kunnskapsbasert måte, i samspel med utdanning og forskning på høgste nivå. Prosjektleder: Brynjulf Stige. Finansiering: GC Rieber Fondene (kr. 3 millionar) og 10 ulike partnarar (til saman 1,5 millionar per år). For omtale av POLYFON som del av GAMUTs framtidsstrategi, sjå Del 4.
- «Etterutdanningstilbod om musikkterapi og psykisk helse – evidens og brukarperspektiv (pilotprosjekt)» (2014-2015): Prosjektet tar sikte på å utvikle, prøve ut og evaluere informasjonspakkar og etterutdanningstilbod som skal gjere kunnskap om musikkterapi som tilrådd psykosebehandling betre kjend og realisert i praksis. Prosjektleder: Brynjulf Stige. Finansiering: Helsedirektoratet (kr. 600 000,-).
- «The bodily and emotional quality of the therapeutic relationship as outcome predictor in music therapy with children on the autism spectrum» (2015-2018). Prosjektet spring ut av det store TIME-A-prosjektet (sjå Del 3) og har fått FRIPRO-midlar i Norges forskingsråd, noko som i seg sjølv er positivt for GAMUT. «FRIPRO henger høyt, de vitenskapelige kravene er høye – dette er viktig både for forskerne selv og for Uni Research», seier Uni Researchs administrerende direktør Aina M. Berg i ein kommentar. Prosjektleder: Karin Mössler. Finansiering: Norges forskningsråd (kr. 7 millionar).

To nye disputasar vart gjennomførte i 2014:

- 24. oktober disputerte Lars Tuastad med avhandlinga «Innanfor og utanfor. Rockens rolle innan kriminalomsorg og ettervern». Komité: Even Ruud (Universitetet i Oslo), Tor-Johan Ekeland (Høgskulen i Volda) og Randi Rolvsjord (Universitetet i Bergen)
- 25. november disputerte Hans Petter Solli, med avhandlinga «The groove of recovery. A

qualitative study of how people diagnosed with psychosis experience music therapy». Komité: Gary Ansdell (Nordoff-Robbins, London), Reidun Norvoll (Universitetet i Oslo) og Brynjulf Stige (Universitetet i Bergen).

GAMUT har i 2014 vidareutvikla samarbeidsrelasjonar mellom forskingsmiljø og praksisfelt. «Nettverket musikk og eldre» – finansierte av GC Rieber Fondene – vart avslutta hausten 2014. Dette nettverket har betydd mykje for oppbygging av kompetanse og forskingskapasitet innan musikkterapi og eldreomsorg og er ein av modellane for det nye POLYFON-samarbeidet.

Når det gjeld musikkterapeutisk praksisutvikling, er det særleg samarbeidet innan rusfeltet som har endra karakter i 2014. GAMUT har sidan 2010 vore med i eit nasjonalt nettverk, koordinert av KoRus-Øst. Då arbeidet starta for fire år sidan, var musikkterapi så å seie ikkje-eksisterande innan førebygging og behandling av rusproblematikk her i landet. 2014 skulle vise seg å verte eit år då dette felte opna seg for musikkterapi på ein ny måte, både ved at det vart etablert stillingar ved nokre viktige behandlingsinstitusjonar (m.a. 3 heile musikkterapistillingar ved Hjeltestadklinikken ved Stiftelsen Bergensklinikkene) og ved at musikkterapi kom inn i Helsedirektoratet sin høyringsversjon av nye nasjonale faglege retningslinjer for «behandling og rehabilitering av rusmiddelproblemer og avhengighet».



Medlemmer i styringsgruppa for GAMUT samla til sitt første møte. Frå venstre leiar Oddrun Samdal, Torbjørn Wilhelmsen, Hege R. Eriksen, Frode Thorsen, og Aina Berg. Hans Olav Instefjord var ikkje til stades då bildet vart tatt.



## DEL 2: ORGANISASJON OG RAMMER

### Personalialia

Litt over 20 personar har vore knytt til GAMUT i 2014 (ca. 11,5 årsverk, om vi held doktorgradskandidatar og administrative ressursar knytt til UiB utanom):

- 1 professor og 5 førsteamanuensar knytt til dei 6 faste 100 % universitetsstillingane som UiB i dag har avsett til musikkterapifaget
- 2 professorar og 1 førsteamanuensis knytt til Griegakademiet i bistillingar
- 1 forskar 1 (professor) og 1 forskar 2 (førsteamanuensis) knytt til Uni Research Helse i faste stillingar
- 1 postdoktor knytt til Uni Research Helse
- 3 forskar 2 og 2 forskar 3 i mellombelse prosjektengasjement knytt til Uni Research Helse (frå timeoppdrag og opp i 50 % stilling)
- 2 doktorgradskandidatar som avslutta prosjektet sitt i 2014 (1 kandidat på UiB-stipend og 1 eksternt finansiert kandidat)
- 2 doktorgradskandidatar som er i tidleg eller midtre fase av sin periode (1 kandidat på UiB-stipend og 1 eksternt finansiert kandidat)
- 1 administrativ konsulent i Uni Research Helse knytt til tidsskrifta *NJMT* og *Voices* (til saman 40 % stilling)
- 1 administrativ konsulent i Uni Research Helse knytt til «Nettverket musikk og eldre» (60 % stilling)

Følgjande personar var nye i GAMUT i 2014: Kaja Elise Enge, Monika Geretsegger, Claire Ghetti, Tone Sæther Kvamme og Marko Nouwens. Følgjande personar fekk nye roller i GAMUT i 2014: Christian Gold, Viggo Krüger og Hans Petter Solli. For detaljar, sjå Del 1 og Vedlegg 2.

### Organisasjon

GAMUT har forankring både som forskingsgruppe ved Griegakademiet – Institutt for musikk (UiB) og som ei eining under Uni Research Helse. Samspelet mellom UiB og Uni Research er ein føresetnad og avgjerande styrke for forskingssenteret. Viktigaste endring i GAMUT sin organisasjon i 2014 var då, som kort omtala i Del 1, at ein formell samarbeidsavtale mellom UiB og Uni Research vart gjort gjeldande. Ettersom dette er ein milepæl i senteret si utvikling, skal vi her kort gjere greie for hovudelementa i samarbeidsavtalen:

#### Samarbeidsavtalen

Avtalen er inngått for å formalisere samarbeidet mellom Universitetet i Bergen og Uni Research, med mål om å byggje ein strategisk allianse som kan

#### Leiar, fagleg leiargruppe og ulike roller i GAMUT 2014

Leiar: Brynjulf Stige

#### Fagleg leiargruppe

Brynjulf Stige, Claire Ghetti, Simon Gilbertson, Christian Gold, Randi Rolvsjord

Programkoordinator UiB: Simon Gilbertson

#### Redaktørar *NJMT*

Editor-in-Chief: Christian Gold.

#### Redaktørar *Voices*

Brynjulf Stige

#### Førstekonsulent *NJMT/Voices*

Rune Rolvsjord

#### Førstekonsulent GAMUT

Liv Gunnhild Qvale

sikre og utvikle GAMUT sin posisjon som eit nasjonalt og internasjonalt leiande fagmiljø innan utdanning, forskning, formidling og praksisutvikling i musikkterapi. Samarbeidet inneber at strategiprosessar vert koordinerte og skal bidra til at fagmiljøet vert meir robust og synleg. Prinsipp om kvalitet, likeverd og gjensidigheit skal prege samarbeidet. Avtalen vart signert i mars 2014, men gjeld formelt i åtte år frå 1. januar 2013.

Avtalen inneber at det vert oppretta ei styringsgruppe, med to eksterne representantar, to representantar frå UiB og to frå Uni Research. Styringsgruppa vert oppnemnd for ein periode på 4 år og har det overordna ansvar for felles aktivitet innanfor avtalens område. GAMUT si første styringsgruppe vart etablert hausten 2014 og hadde sitt første styremøte 4. november.

Samarbeidsavtalen spesifiserer vidare at styringsgruppa peikar ut ein leiar for senteret for ein periode på 4 år av gangen. Engasjementet kan forlengast med opptil 3 periodar. Dersom leiaren ved tidspunktet for utpeiking ikkje allereue har ein stillingsdel både i UiB og Uni Research, skal slik tilhøyrslø til begge samarbeidspartar sikrast gjennom ei bistilling. Leiar skal koordinere det faglege samarbeidet innanfor senteret sine aktivitetsområde. Samarbeidsavtalen presiserer vidare at leiar for GAMUT skal opprette ein fagleg leiargruppe som skal bidra til fagleg koordinering og til utvikling av samarbeidsrelasjonar. GAMUT si første faglege

leiargruppe vart etablert i desember 2014 og har sitt første arbeidsmøte i januar 2015.


Dessutan presiserer samarbeidsavtalen at GAMUT skal ha ein 'Scientific Advisory Committee' (SAC), som skal vere eit fagleg rådgjevande og evaluerande organ. SAC skal ha inntil 5 medlemmar som alle skal vere forskarar på eit høgt internasjonalt nivå innanfor musikkterapifeltet eller nærliggande fagfelt. GAMUT sin første SAC vert etter planen etablert tidleg i 2015, der ein legg opp til det første evalueringsseminaret med SAC mot slutten av 2015.

## Styringsgruppe

Ei styringsgruppe for GAMUT vart etablert hausten 2014, med følgjande samansetning:

Leiar: Oddrun Samdal (UiB)  
 Nestleiar: Aina M. Berg (Uni Research)  
 Hege R. Eriksen (Uni Research Helse)  
 Frode Thorsen (Griegakademiet – Institutt for musikk, UiB)  
 Hans Olav Instefjord (ekstern representant)  
 Torbjørn Wilhelmsen (ekstern representant).

Organisasjonskart GAMUT (UiB & Uni Research)



**Figur 1.** Organisasjonskart GAMUT: Både UiB og Uni Research sin forskingsaktivitet i musikkterapi er knytt til GAMUT (markert med høvesvis skravert og dobbeltskravert område).

Leiar for GAMUT er del av tenesteveg for tilsette i Uni Research (markert med boks i heil strek), men ikkje for dei tilsette ved Griegakademiet, UiB.

Musikkterapistudiet til UiB (ikkje skravert) har egne funksjonar og organ (programkoordinator, programutval, osv.). Utdanninga er ein vesentleg del av den faglege heilskapen.

Styringsgruppa for GAMUT gjev overordna fagstrategiske råd, både i høve til utdanning, forskning, formidling og praksisutvikling.

## Økonomi

### Finansiering og økonomi 2014

Aktiviteten i GAMUT er i balanse økonomisk, sjå Vedlegg 1. Aktiviteten i 2013 var svært høg, men omsetjinga har likevel auka også i 2014, frå kr. 4 984 066 i 2013 til kr. 5 960 761 i 2014. Uni Research Helse vart i 2014 innlemma i Norges forskingsråd si ordning med basisløyvingar til forskingsinstitutt og prioriterte å bruke kr. 1,523.246 til å strategisk støtte for vidare utvikling av GAMUT. Strategiske prioriteringar er: a) styrking og internasjonalisering av GAMUT si forskning innan musikkterapi og eldreomsorg, og b) oppbygging av eit nytt forskingsområde i GAMUT, nemleg musikkterapi og rusbehandling. Den strategiske støtta frå Uni Research Helse har også gjort det mogeleg å omdisponere strategiske midlar frå GC Rieber Fondene i høve til musikkterapi og eldreomsorg, med nye strategiar for kompetanseutvikling, formidling og etterutdanning.

Følgjande kjelder har stått for prosjektfinansiering i 2014 (alfabetisk rekkefølge):

- Bergen Universitetsfond
- Ekstramidler Helse- og rehabilitering
- GC Rieber Fondene
- Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen
- Helse Bergen
- Helsedirektoratet
- Norges forskningsråd
- Routledge (Taylor & Francis)
- \*University of Leeds
- \*University of Manchester
- \*University of Roehampton

\* Sjå note/forklaring i Vedlegg 1.

I tillegg kjem prosjekt med fagleg tilknytning til GAMUT, men med finansiering og arbeidsgjevaransvar knytt til annan institusjon, som Viggo Krügers barnevernsforskning finansiert av Aleris Ungplan & BOI.

### Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Research

Samarbeidet mellom musikkterapifaget ved UiB og forskingssenteret ved Uni Research Helse er heilt sentralt for GAMUT. Det er vanskeleg å tenkje seg det eine miljøet utan det andre. I tillegg til dette faginterne samarbeidet, legg fagmiljøet vekt på å utvikle ulike tverrfaglege samarbeidsrelasjonar, m.a. innanfor UH-nett Vest. Nedanfor vil vi kort skissere arbeidet med dette i 2014. Samla sett har GAMUT eit svært gode nettverk, der eksisterande relasjonar genererer nye.

### Humanistiske fag

Gjennom Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies har musikkterapi etablert ei kontakflate med nærskyldte musikkfag som musikkpedagogikk og musikkvitenskap.

### Medisinske fag

Gjennom Uni Research Helse er det etablert fruktbar kontakt og samarbeid med Allmenntilleggsmedisinsk forskningsenhet (AFE Vest). Gjennom Haukeland universitetssykehus har det utvikla seg eit samarbeid i høve til nevrorehabilitering, med overlege Geir Olve Skeie. TIME-A har også styrkt samarbeidsrelasjonane med Haukeland universitetssykehus, særleg opp mot forskarar og fagpersonar ved PBU (Klinikk psykisk helsevern for barn og unge). GAMUT si deltaking i TVEPS (Senter for tverrprofesjonell samarbeidslæring i primærhelsetjenesten) vil kunne opne for framtidige tverrfaglege prosjekt med medisin og andre helsefag.

### Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø ved Psykologisk fakultet, UiB, er etablert m.a. i høve til kriminalomsorg og klinisk psykologi. Gode samarbeidsrelasjonar er utvikla også med professor Karsten Specht ved fMRI-gruppa ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi. Vidare er det etablert ein god samarbeidsdialog med Regionalt kunnskapssenter for barn og unges psykiske helse (RKBU Vest, Uni Research Helse), noko som frå 2015 vil verte styrkt gjennom RKBU Vest si aktive deltaking i POLYFON.

### Andre samarbeidsrelasjonar

Fagmiljøet i musikkterapi har tradisjon for å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein søkt å vidareutvikle også i 2014.

### Lokale, regionale og nasjonale samarbeidsrelasjonar

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande regionale/nasjonale instansar

- Aleris Ungplan & BOI, Vest
- Allmenntilleggsmedisinsk forskningsenhet (AFE Vest)
- Bergen kommune
- Bergen Røde Kors sykehjem
- Bergensklinikkene
- Haraldsplass
- Helse Bergen
- Kriminalomsorgen Vest
- Kulturskolen i Fjell
- Lovisenberg Diakonale Sjukehus
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus
- Opplevings- og læringscenteret ViLVite, Bergen
- Regionalt kunnskapssenter for barn og unge



(RKBU Vest)

- Senter for musikk og helse, Norges musikkhøgskole
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi
- Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane
- Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland

### Internasjonale nettverk

Enkeltforskarar ved GAMUT har samarbeidsrelasjonar til ulike universitet og forskingssenter, t.d. Temple University, University of Leeds, University of Manchester, University of Melbourne, og University of

Roehampton

Som forskingssenter er GAMUT dessutan med i internasjonale nettverk i musikkterapi, der medlemskap i International Consortium of Eight Music Therapy Research Universities for tida er det viktigaste. Konsortiedeltakinga gjev

samarbeidsrelasjonar til Norges musikkhøgskole i Oslo og følgjande internasjonale universitet:

- Anglia Ruskin University, Cambridge, England
- Katholieke Universiteit, Leuven, Belgia
- Queensland University
- Temple University, Philadelphia, USA
- University of Jyväskylä, Finland
- University of Melbourne (National Music Therapy Research Unit/NaMTRU), Australia
- Aalborg Universitet

I 2014 var GAMUT for første gong ansvarleg for den årlege faglege samlinga i dette konsortiet. Denne vart arrangert i Wien 13. – 15. juli.

Vidare er det solide internasjonale nettverk knytt til dei to vitenskaplege tidsskrifta GAMUT gjev ut: *Nordic Journal of Music Therapy* og *Voices: A World Forum for Music Therapy* har tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar, fagfellar og språkkonsulentar frå rundt 20 land kvar, for *NFMT* sin del frå Europa, USA, Asia og Australia og for *Voices* sin del frå alle kontinent.

## DEL 3: FAGLEG AKTIVITET

### Forskningsprosjekt i regi av GAMUT

Vi gjev her eit oversyn over GAMUT sine forskningsprosjekt i 2014 (alfabetisk på prosjekttittel), sjå også [www.gamut.no](http://www.gamut.no)

#### **A qualitative study of clients' roles, competence and actions in resource-oriented music therapy**

Tidsperiode: 2010-2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Forskar/Prosjektleder: Randi Rolvsjord

#### **Building capacity internationally through research on interdisciplinary collaboration: Implementation and realisation**

Tidsperiode: 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Involverte forskarar: Simon Gilbertson, Alison Ledger, Wolfgang Schmid

#### **Dementia Reimagined: Arts-based research developing a film resource for use in training professionals who work in dementia care.**

##### **Resource development and follow up study.**

Tidsperiode: 2014-2016  
Finansiering: Universitetet i Bergen/Griegakademiet, University of Roehampton, University of Leeds, University of Manchester  
Involverte forskarar/partnarar: Beatrice Allegranti (UR), Jill Halstead (UiB), Bonnie Meekums (UL), Professor Dee Reynolds (UM), The Alzheimer's Society, UK

#### **Home-based Music Therapy for Individuals Living with Amyotrophic Lateral Sclerosis (ALS) and their caring spouses**

Tidsperiode: 2013-mars 2015  
Finansiering: Forskningsfondet om nevrologiske sykdommer  
Involverte forskarar: Wolfgang Schmid, Geir Olve Skeie, masterstudentane Maren Ek Knudsen og Svenja Maier  
Prosjektleder: Wolfgang Schmid

#### **In Audible Movements: A multidisciplinary study of interrelations between physical movement and musical structures in music improvisation**

Tidsperiode: desember 2014-desember 2016  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleder: Simon Gilbertson

#### **Innanfor og utanfor. Rockens rolle innan kriminalomsorg og ettervern (PhD-prosjekt)**

Tidsperiode: februar 2010-februar 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Kandidat: Lars Tuastad  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

#### **In Visible Hands: A Multidisciplinary Collaborative Arts-based Research Project Exploring Meanings Given by Music Therapists Involved in Creative Music Action in Relation to Their Hands**

Tidsperiode: desember 2011-desember 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleder: Simon Gilbertson og Jill Halstead

---

## **Longitudinal Study of Music Therapy for Premature Infants and Their Parents/Caregivers – Protocol Development for Systematic Review**

Tidsperiode: oktober 2014 – desember 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Involverte forskarar: Łucja Bieleninik, Claire Ghetti, Christian Gold

## **Making Music: Action, Embodiment, Health. Locating Music as Act and Activity in Contemporary Culture**

Tidsperiode: oktober 2010-desember 2015 (opphavleg eit postdoktorprosjekt, vert vidareført i Halsteads faste UiB-stilling frå hausten 2013).  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Involverte forskarar: Jill Halstead, Randi Rolvsjord  
Prosjektleiari: Jill Halstead

## **Measuring Awareness in Pediatric Populations with Prolonged Disorders of Consciousness**

Tidsperiode: 2013 - 2015  
Finansiering: Temple University, Universitetet i Bergen  
Involverte forskarar: Wendy Magee (TU), Claire Ghetti (UiB)  
Prosjektleiari: Wendy Magee (TU)

## **Mot et selvstendig liv i felleskap: en kvalitativ studie av musikkterapeutisk praksis i fasen av ettervern innen barnevernet**

Tidsperiode: november 2014- juni 2019  
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest  
Involverte forskarar: Viggo Krüger, Brynjulf Stige, Astrid Strandbu (UiT)  
Prosjektleiari: Viggo Krüger

## **Music Therapy with Asylum Seeking and Refugee Children (PhD-prosjekt)**

Tidsperiode: august 2014-august 2017  
Finansiering: Høgskulen i Volda  
Kandidat: Kaja Elise Åslid Enge  
Hovudrettleiari: Brynjulf Stige

## **Nettverket musikk og eldre: samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre**

Tidsperiode: september 2008-desember 2014  
Finansiering: GC Rieber Fondene  
Involverte forskarar: Tone Sæther Kvamme (NMH), Hanne Mette Ridder (AaU), Brynjulf Stige  
Prosjektleiari: Brynjulf Stige

## **Perspectives on Music Therapy Theory**

Tidsperiode: august 2010-desember 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleiari: Brynjulf Stige

## **Sense of Relation: An inquiry into the cross-modal and cross-functional nature of the senses in perception and cognition**

Tidsperiode: august 2011-august 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleiari: Simon Gilbertson

## **The Groove of Recovery. A qualitative study of how people diagnosed with psychosis experience music therapy (PhD-prosjekt)**

Oppstart: november 2009 (kandidat på deltid, planlagt fullført i 2014)  
Finansiering: Rådet for psykisk helse/Extrastiftelsen  
Kandidat: Hans Petter Solli  
Hovudrettleiari: Randi Rolvsjord

---

## **The Quality of the Relationship as Outcome Predictor in Music Therapy with Children with Autism Spectrum Disorders**

Tidsperiode: januar 2014-december 2015  
Finansiering: Helse Vest  
Involverte forskarar: Karin Mössler, Marko Nouwens, Wolfgang Schmid  
Prosjektleiari: Wolfgang Schmid

## **Trial of Improvisational Music therapy's Effectiveness for children with Autism (TIME-A)**

Tidsperiode: 2012-2016  
Finansiering: Norges forskningsråd  
Involverte forskarar: Christian Gold, Jörg Assmus, Łucja Bieleninik, Monika Geretsegger & Karin Mössler.  
Prosjektleiari: Christian Gold

## **Urolige barn. En undersøkelse av begrepet "uro" i barnehagen i en musikkterapikontekst (PhD-prosjekt)**

Tidsperiode: august 2011-juli 2016  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Kandidat: Anna Helle-Valle  
Medrettleri: Per Einar Binder og Normann Andersen (Uni Research Helse og Psykologisk Fakultet, UiB),  
Hovudrettleri: Brynjulf Stige

## Tidsskriftsdrift

### Nordic Journal of Music Therapy (NJMT)

Tidsskriftet var etablert i 1992, med Brynjulf Stige som initiativtaker og første redaktør. Sidan 2006 har Christian Gold vore redaktør. NJMT er på nivå-2 i det norske tellekantsystemet. Tidsskriftet har vore i ei rivande utvikling dei siste åra. Eit samarbeid med Routledge (Taylor & Francis) vart etablert i 2008 og fungerer godt, både i høve til produksjon og distribusjon. GAMUT står som eigar av tidsskriftet og har såleis fagleg kontroll. Impactfaktor for 2013 (publisert i 2014) er 1.000, og 5-års impactfaktor er 1.164. NJMT gav ut 3 trykte utgåver i 2014, derav ei spesialutgåve om nyfødde barn (for få år sidan hadde tidsskriftet berre 2 utgåver per år). I tillegg er fleire artiklar førehandspublisererte online medan dei ventar på å verte inkluderte i ei trykt utgåve. Frå og med 2015 er det planlagt ein auke til 4 trykte utgåver per år.

### Voices: A World Forum for Music Therapy

Dette verdsomspennande tidsskriftet og forumet vart etablert i 2001 og er publisert elektronisk, som Open Access. Brynjulf Stige og Carolyn Kenny (USA) var dei første redaktørane. Frå og med august 2013 har Brynjulf Stige, Susan Hadley (USA) og Katrina McFerran (Australia) vore redaktørar. *Voices* er rangert som eit nivå-1-tidsskrift i det norske tellekantsystemet. *Voices* sin filosofi er å utvikle eit inkluderande tidsskrift med sterk vektlegging av sosiale og kulturelle aspekt av musikkterapien. For *Voices* vart 2014 eit år der ein fekk utvikla nye guidelines og samarbeidsrutinar, og dessutan fekk etablert ein ny serie med årlege temanummer med tverrfaglege kritiske perspektiv på musikkterapifeltet. Første temanummer fokuserte på «disability studies» og hadde m.a. bidrag frå GAMUTs forskar Randi Rolvsjord om «The Competent Client and the Complexity of Disability».

### Publisering og andre formidlingsoppgåver

Her gjev vi eit oversyn over publisering og annan formidling ved GAMUT. Sjå vedlegg 4 for referansar og detaljar.

### Vitskapleg artikkelpubliserings

I 2014 var forskarar frå GAMUT førsteforfattarar på 16 artiklar og medforfattarar på 7 artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering. I tillegg kjem eit Cochrane-review (24 artiklar totalt i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering). For fleire av desse artiklane er meir enn ein GAMUT-forskar involvert.

### Annan artikkelpubliserings

I 2014 publiserte forskarar frå GAMUT førsteforfattarar eller medforfattarar på 1 artikkel i fag-/bransjetidsskrift, 5 leiarartiklar i internasjonale tidsskrift, 2 leiarartiklar i nasjonalt tidsskrift og 1 lesarinnlegg.

### Bokkapittel, bøker og avhandlingar

I 2014 publiserte fagmiljøet 3 bokkapittel og 1 fagbok på internasjonalt forlag og dessutan 2 doktoravhandlingar.

### Føredrag på internasjonale og nasjonale konferansar

I 2014 hadde forskarar frå GAMUT 9 føredrag på vitskaplege konferansar (dei fleste internasjonale, der eitt av desse var ein invitert keynote) og 27 andre faglege føredrag på ulike konferansar og seminar.

### Kurs og føredrag

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2014 gjennomført ei rekkje foredrag og kursopplegg i ulike samanhengar, inklusivt eit populærvitskapleg føredrag.

### Film

Filmar er ein viktig del av GAMUT sitt kommunikasjonsarbeid og inngår også som del av fagleg utviklingsarbeid og arts-based research. I 2014 omfatta dette kortfilmen «I Can't Find Myself». Produksjon og koreografi: Beatrice Allegranti, University of Roehampton. Originalmusikk og lyd: Jill Halstead, Griegakademiet, UiB.

«Korleis opplever ein person det å ha demens? Denne britisk-norske kortfilmen stiller dette spørsmålet og kastar lys over det ved bruk av dans, teater og musikk. Vi får ta del i ei kvinnes utfordrande reise gjennom ei verd av emosjonelle, kroppslege og lydlege erfaringar av identitet, kjærleik og tap.» Filmen byggjer på feltarbeid og intervju med menneske med demens og deira pårørande og vil også verte brukt i opplæring av helsepersonell. Filmen vert ferdigstilt tidleg i februar 2015 og vil verte vist på det opne arrangementet «Musikken mellom oss» 28. mai 2015, som del av GAMUT sitt planlagde samarbeid med Festspillene i Bergen dette året.

### Annan formidling

GAMUT sitt utviklings- og formidlingsarbeid omfattar også kunstnariske innslag og ulike former for medieoppslag, sjå Vedlegg 4 og 5.



## Samarbeid om seminararrangering

Seminar som GAMUT har arrangert eller vore med på å arrangere i 2014 inkluderer:

- 11.-14.mars: Forskarseminar, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies. Tema: «Communication in Music, Arts, Therapy and Education Practices». Førelasarar: Beatrice Allegranti, Nils Henrik Asheim, Lars Ole Bonde, Per Dahl, Magne Espeland, Wolfgang Fuhrmann, Jill Halstead, Daniel Leech-Wilkinson, Henriette Thune + ph.d.-kandidatar.
- 8.-9. mai: Arbeidsseminar i «Nettverket musikk og eldre». Arbeid med ressurshefte for musikkterapeutar i eldreomsorga.
- 12. juni: Internasjonalt og tverrfagleg symposium arrangert ved Centre of Arts Therapies Research, Department of Psychology, University of Roehampton. Tema: «Embodied Methodologies». Førelasarar: Beatrice Allegranti, Mestre Ponciano Almedia, Simon Gilbertson, Jill Halstead, Gerry Harrison, Marina Rova, Jonathan Silas, Tami Spry, Geoffery Unkovich, Jonathan Wyatt.
- 6.-8. juli: Internasjonalt samarbeidsmøte i prosjektet TIME-A, arrangert ved Universität für Musik und darstellende Kunst, Wien, Austerrike.
- 13.-15. juli: Konsortiumsmøte i Wien. Tema: erfaringsutveksling, strategiar for utvikling av forskingsfeltet, konkret prosjektplanlegging. Deltakarar frå GAMUT var Christian Gold, Karin Mössler og Brynjulf Stige, medan dei andre deltakarane var: Jos de Backer (Katholieke Universiteit, Leuven), Cheryl Dileo og Wendy Magee (Temple University), Jaako Erkillä (University of Jyväskylä), Jörg Fachner, Helen Odell Miller og Amelia Oldfield (Anglia Ruskin University), Denise Grocke og Grace Thompson (University of Melbourne), Niels Hannibal og Stine Jacobsen (Aalborg Universitet), Gro Trondalen (Norges musikkhøgskole).
- 26. august: Forfattarseminar i samband med arbeidet med ein antologi om musikkterapi i eldreomsorga, ei bok som vil bli gitt ut på Universitetsforlaget.
- 17. november: Ope seminar i «Nettverket musikk og eldre». Tema: «Nettverket musikk og eldre (2008-2014) – Hva nå?» Førelasarar: Jens Anderson-Ingstrup, Simon Gilbertson, Tone S. Kvamme, Orii McDermott, Anette Moltubak, Wolfgang Schmid, Geir Olve, Hilde Skrudland, Kristi Jacobsen Stedje, Brynjulf Stige.
- 18.november: Workshop/seminar i «Nettverket musikk og eldre» for musikkterapeutar og musikkterapistudentar. Tema: Music in Dementia Assessment Scales (MiDAS). Førelasar/workshop-haldar: Orii McDermott.
- 25.-28. november: Forskarseminar, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies. Tema: «The Study of Musical Experiences: Data Collection, Interpretation and Analysis». Førelasarar: David Hebert, Kari Holdhus, Kirsti Malterud, Randi Rolvsjord, Brynjulf Stige + phd.-kandidatar.
- 4. desember: Konferanse arrangert ved HiOA, i samarbeid med GAMUT, NMH og Aleris. Tema: «Musikk, deltakelse og barnevern». Førelasarar: Ellisabeth Backe-Hansen, Øystein Eriksen, Svein Fuglestad, Unni Johns, Daniel Løset Kristiansen, Viggo Krüger, Morten Lorentzen, Monika Overø, Merethe Roaldsnes, Erik Sandøy, Karette Stensæth, Jan Storø, Inga Marte Torkildsen, Gro Trondalen

